


Driftsplan

massetak / steinbrot

Fundli gnr 154 bnr.9



Driftsplan massetak / steinbrot

Fundli gnr 154 bnr.9

Omfang	s.	1
Drift	s.	2
Driftstid	s.	3
Radoninnhald	s.	3
Istandhalding under drift	s.	3
Istansetting etter uttak	s.	3
Kart avgrensing	s.	4
Profilar	s.	5

Vedlegg: Kart etter uttak
Enkel org.plan

Driftsplan massetak / steinbrot

Fundli gnr.154 bnr.9

Uttak skal skje etter godkjend reguleringsplan
Tiltakshavar Egil Fundli, 3864 Rauland

Steinbrotet er ca. 31 da. +klimavernsone.
Området er skrinn skogsmark med fjell i dagen.
Det er tenkt å taka ut ca 20000 m³ masse pr. år,
denne kan sorterast og evt. lagra inne på området.
Ein reiknar med at ein totalt kan taka ut ca 150 000 m³ masse i reg.området
Steinen skal brukast til pukkk , fyllmasse, o.l.
Avdekkingsmasse , jord og anna masse skal lagrast inne på området

Massetaket er dela i soner A , B , C , D og E.

Det skal til kvar tid liggje føre ajurført organisasjonsplan (som visar kva person som har utførande ansvar for dei ulike oppgaver i brotet)

Uttak skal taka til øverst i feltet og i pallar nedover.
Det kan takast ut masse ned til kote 740.
Ein må taka vare på jord og avdekkingsmasse, for å bruk det til vekstdekke der det er naturleg ,når ein reetablerar vekst i det feltet, som er ferdig uttekje.

Drift

Veg Avkjøring og veg til felt A opparbeidast. Avkjøring må godkjennast av Statens vegvesen. Internveg opparbeidast (maks stigning 20%) denne skal gå opp til dei ulike nivå og skal vera intakt også etter at massetaket er avslutta, slik at ein kjem opp på dei ulike nivå i framtida.

Pallar På kvart nivå skal det stå att ein pall med breidd min. 10 m. Denne skal helle litt innover slik at den held på litt fuktighet for vegetasjon i framtida.

Felt A nyttast til lager, sortering og knusing.

Her er litt lausmasse rundt ein fjellknaus. Denne blir lagt på nedsida av tilkomstveg. Ein sprenger ned fjell til kote 740 og området planerast til prod.plass/lager (ca 4 da.)

Felt B Uttak av fjell/stein (ned til kote ca 780) Uttak i etapper frå vest mot aust

Felt C Uttak av fjell/ stein (ned til kote ca 765) Uttak i etapper frå vest mot aust

Felt D Uttak av fjell/ stein (ned til kote ca 750) Uttak i etapper frå vest til aust

Felt E Uttak av fjell / stein (ned til kote ca 740) Uttak i etapper frå vest til aust

Ein startar uttak i mellomste felt. Felt B tek ein ut og lastar ned til felt C etter kvart som ein har teke ut ein etappe der.

Det kan brukast transportabelt knuse/sorterings og lasteutstyr og borutstyr.

Sortert stein/ pukk kan lagrast på den del av massetaket som til kvar tid er ope.

Området må sikrast med varselskilt evt. gjerde der det er nødvendig.
Inngangen til massetaket skal stengast med bom.

Nødvendige tiltak for å unngå skade på person, eigedom eller trafikk må settast i verk.

Ein må sikre at det ikkje vert avrenning av ureining/slam til vassdrag.

Liten bekk gjennom området må haldast open og ein må sjå til at bekkeløpet ikkje vert ureina.

Vatningsdyser om naudsynt, for å unngå støvflukt under produksjon og lagring.

Ein bør gjera ein mineralogisk og kjemisk analyse av steintype. Dette med tanke på miljøpåverknad.

Overflateavrenning skal avgrensast med avskjerande grøfter rundt brotområdet

(Jord og avdekkingsmasse må takast vare på og brukast til å dekke over den delen av massetaket der det er naturleg.

Etter bruk skal området planerast,(reinskast), tilplantast og utformast på ein terrengmessig god måte.

Skråningar i lausmasse må ikkje ha meir enn 45% stigning.

Driftstid

Det skal ikke vera drift mellom kl 19.00 kveld og 06.00 morgon mandag til fredag ,
ikkje i helgene og på heilagdaggar.

Radoninnhald

Om steinen skal brukast i samband med hus bør ein gjera radonmåling og verdien av
radium – 226 skal ikke vera over 300 Bp/kg.
Målinga bør skje av masse inne i fjellet,(ikkje teke i overflata)

Istandsetting under drift

Massetaket skal til kvar tid haldast ryddig og det må ikkje lagrast spesialavfall,olje,
sprengstoff ,e.l. i område.)

Skrotmasse kan deponerast i området. Den bør då jamnast ut ,helst mot stuffen,
og då dekkast over med vekstdekke og tilplantast det det er naturleg

Istandsetting etter uttak

Når felta er teke ut, skal feltet jamnast ut og dekkast med jord der det er naturleg,
utformast og tilplantas i samråd med landbruksetaten i kommunen.

Etter istandsetting skal ikkje skråningar i lausmasse ha meir enn 45 % (ca 25 grader)
stigning.


Området skal så gå attende til LNF område.

planen er godkjendt av kommunen/Bergvesenet dato ? ?

Godkjendt brev frå Bergvesenet 20.10.2006




DRIFTSPLANKART
fornminste!



forminyska!

Massetak Fundli
 snitt mål 1 : 1000
 12 10 04 BH

Etter avslutta uttak



LOGNVIKVATN 697 moh

→ innkjøring på ulike nivå